

## HØYRINGSSVAR TIL E-CO SIN KONSESJONSSØKNAD FOR FROSEN KRAFTVERK

### Generelt

- Frosen kraftverk vil berre nytte om lag 50 % av vatnet som renn mellom Mjåvatn og Rødungen. Dette synest å vere dårlig utnytting av ressursane sidan det ikkje er nokon miljømessige eller samfunnsmessige konflikthøve her, jfr. høyringssvar til Mjåvatn kraftverk sin konsesjonssøknad.
- Når det gjeld rettstilhøve viser vi til notatet frå advokat Ola Brekken som er vedlagt Småkraft si høyringsuttale. Vi meiner E-CO ikkje har rett til fallet dei vil byggje ut i Frosen kraftverk utover den eigardelen E-CO har på 16 % av fallet.

### Massetipp

Vi går sterkt imot å leggje ein steintipp under høgaste regulerte vasstand (HRV) av følgjande grunnar:

- Massane som blir tekne ut, er boremassar og ikkje sprengmassar. Boremassar inneheld mykje meir finstoff som vil bli vaska ut over tid, og som vil forureine Rødungen.
- Massetipp under HRV vil vere ein ny gyteplass for røya. Dette er uheldig for fiskevatnet sidan ein ynskjer å redusere røyebestanden.
- Den tenkte plasseringa er det mest attraktive området for sportsfiske i Rødungen.
- Å leggje steintippen under HRV gjer det vanskeleg å bruke av massane til allmenntilgjengelege formål.

Plassering av ein steintipp på det området som er foreslått i konsesjonssøknaden til Mjåvatn kraftverk vil derfor vere eit betre alternativ.

### Veg

Veg i strandkanten frå Osestølen til kraftverket er ei dårleg løysing sidan strandsona er eit sårbart område. Vegen til kraftstasjonen bør også leggjast så langt unna stølane som mogeleg på grunn av anleggstrafikk og støy.

### Kraftverket

Plassering av ein kraftstasjon rett ved osen er uakseptabelt. Det må takast omsyn til at dette er eit attraktivt område for sportsfiske og friluftsliv. Kraftstasjonen bør plasserast litt lenger vest og må liggje i fjell, slik at naturen i området blir minst mogeleg prega av ei eventuell utbygging.

Ål, 24.01.2018

*Rødungen fiskesameige*

*v/Torleiv Dengerud, Lars Inge og Birger Embrik Kaslegard, Anne Kaslegard og Jostein Kleiven*